



Kvam herad

Delegeringsreglement for Kvam herad

2024-2028



Innhold

1.0.	Heimel, definering av ulike omgrep, og prinsippet om maksimal delegering.....	4
1.1.	Delegeringsreglementet til Kvam herad. Heimel, målsetjing og verkeområde.....	4
1.2.	Delegering- Kva er det?.....	4
1.3.	Kva meiner me med myndigkeit?.....	4
1.4.	Prinsippet om maksimal delegering vidareført	5
1.5.	Prinsipiell/ikkje prinsipiell sak.....	5
2.0.	Organisering	6
2.1.	Organisering etter formannskapsmodellen.....	6
2.2.	Kvam heradsstyre- oversikt over myndigkeit	6
2.3.	Politiske utval/organ i Kvam herad. Oversikt	7
3.0.	Ordførar.....	12
3.1.	Hastefullmakt.....	12
3.2.	Vedtakmyndigkeit i saker som er delegert til rådmannen.....	12
3.3.	Vedtakmyndigkeit i sommarferien	12
3.4.	Uttale til høyringar.....	12
3.5.	Myndigkeit til å ta opp eigne saker	12
3.6.	Myndigkeit i tolkingsspørsmål.....	12
3.7.	Ordførar er gitt særskilt myndigkeit innanfor følgjande lover	13
3.8.	Andre mynde	13
4.0.	Rådmann	13
4.1.	Generell myndigkeit	13
4.2.	Uttale til høyringar.....	13
4.3.	Innstillingsrett	13
4.4.	Rett til å forvalta heradet sin økonomi.....	13
4.5.	Beredskap	14
4.6.	Bevillingssaker.....	14
4.7.	Løpende personalansvar.....	14
4.8.	Eigedomsforvaltning	14
4.9.	Vedtak etter plan- og bygningslova og jordlova	15
4.10.	Andre oppgåver som er lagt til rådmannen.....	15
4.11.	Vidare delegering.....	15
5.0.	Direkte delegering ved lov	15

6.0.	Delegering av myndighet etter særlover	15
6.1.	Generelt om lovheimlar som gjev Kvam herad plikter og rettar i følgje særlover	15
6.2.	Rådmannen si delegeringsplikt etter særlov	16
7.0.	Klage og overprøving av sak.....	16
7.1.	Klage på enkeltvedtak.....	16
7.2.	Vedtak gjort av rådmannen (administrasjonen etter delegering frå rådmannen).....	16
7.3.	Klage over enkeltvedtak som er gjort av heradsstyret	17
7.4.	Klagenemnda	17
7.5.	Overprøving av sak	17

1.0. Heimel, definering av ulike omgrep, og prinsippet om maksimal delegering

1.1. Delegeringsreglementet til Kvam herad. Heimel, målsetjing og verkeområde

Kvam heradsstyre er det øvste avgjersleorganet, med overordna ansvar for heile verksemda til heradet. Heradsstyret delegerer myndigheita si gjennom delegeringsreglementet i tråd med kommunelova § 5-3.

I tillegg til å beskrive fordeling av myndighet og ansvar mellom ulike folkevalde organ, andre organ, ordførar og rådmann, så inneholder delegeringsreglementet også reglar for korleis delegerte fullmakter skal brukast. Dette er viktig for å sikra ei handlekraftig og trygg forvaltning, og at alle avgjersler vert tekne innanfor dei rammene som er fastsette av Kvam heradsstyre.

Ei målsetjing med delegeringsreglementet er også at det skal vera eit viktig verktøy for å sikra effektiv internkontroll, sikra brei folkevald påverknad og engasjement, samt bidra til å oppnå ein rasjonell og effektiv saksgang.

Delegeringsreglementet gjeld for alle organ og all verksemnd.

I følgje kommunelova § 5-14 skal heradsstyret vedta delegeringsreglement innan 31.12. året etter eit kommunestyreval, men det siste vedtekne reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjeld likevel til nytt er på plass.

1.2. Delegering- Kva er det?

Delegering vil seia å overføra til andre den myndigheita som ein sjølv har, slik at vedkomande kan ta avgjersle med rettsverknad på sine vegne til dømes gjennom avtalar, instruks eller forvaltningsvedtak. Vidaredelegering vil seia å delegera tildelt myndighet, eller delar av denne vidare til andre.

Ved delegering beheld den som delegerer, sin overordna kompetanse, både til å tilbakekalla delegeringsfullmaka, til å gje instruks om korleis den tildelte avgjerslemyndigheita skal utførast- generelt eller i den enkelte sak- og til å gjera om vedtak som er gjort i tråd med delegeringsvedtak så langt ikkje private partars interesser er til hinder for dette (sjå t.d. omgjering av vedtak jf. Forvaltningslova § 35).

1.3. Kva meiner me med myndigkeit?

Med myndigkeit er det i dette reglementet meint både den kompetansen som er gitt Kvam herad i lover og forskrifter og den kompetansen som heradet har som sjølvstendig rettssubjekt. Det vil seia den evna ein har til å binda seg sjølv eller til å bestemma over andre ved forvaltningsvedtak, avtalar osv. (Engelsrud, Gerd et al i Kommunalrett. Oppgaver, organisering og kontroll. 2020 s.90).

Ein skil gjerne mellom ein kommune sin «alminnelege kompetanse» og ein kommune sin «spesielle kompetanse». Den alminnelege kompetansen kan beskrivast som den kompetansen kommunen har i kraft av å vera eige rettssubjekt med rett til å bestemma over seg sjølv. Kva initiativrett har kommunen? Kva moglegheit har kommunen til å ta på seg oppgåver og ansvar som ikkje er pålagt? Kva moglegheit har kommunen til å gjera løyvingar? Og kva avtalefridom har kommunen?. Den spesielle kompetansen er den kompetansen som er lagt til kommunane i særlovgivinga (jf. Engelsrud, Gerd et al 2020 s. 92-93).

1.4. Prinsippet om maksimal delegering vidareført

Kvam heradsstyre vidarefører prinsippet om maksimal delegering av ansvar og myndighet til rådmannen under folkevald styre og kontroll. I tillegg har ny kommunelov opna opp for at meir kan delegerast til ordførarar.

Heradsstyret kan gje ordføraren myndigkeit til å:

1. treffa vedtak i saker som ikkje har prinsipiell tyding
2. gjera vedtak i hastesaker etter § 11-8, 1. ledd
3. oppretta utval som skal førebu saker som ikkje har prinsipiell tyding

I tillegg til dette kan formannskapet sjølv gje ordførar myndigkeit til å treffa vedtak i saker som ikkje har prinsipiell tyding, dersom ikkje heradsstyret har bestemt noko anna (jf. Koml. § 6-1).

Enkeltsaker skal som hovudregel handsamast administrativt, men dersom saka inneheld nye eller endra prinsipp som må avklarast, så skal dette avklarast politisk i ei generell sak, før enkeltsaka vert handsama.

1.5. Prinsipiell/ikkje prinsipiell sak

Kva saker som vert rekna for prinsipiell må vurderast ut frå saka sin karakter og moglege konsekvens eller verknad. Ein må også sjå på kva relevante og skjønnmessige sider som allereie er klarlagt gjennom vedtak i folkevalde organ, instruks eller liknande praksis.

Ved vurderinga av kva som vert sett på å være av prinsipiell og ikkje-prinsipiell tyding vil mellom anna følgjande moment vera relevante:

- Kjem saka til å binda Kvam herad over tid?
- Har saka større økonomisk tyding for Kvam herad?
- Er det kjent politisk usemje om saka?
- Er det vedteke politiske føringar for denne type avgjersler tidlegare?
- Er det tidlegare gjort vedtak i tilsvarende saker?

Dersom det etter ei konkret vurdering framleis er tvil om saka er av prinsipiell eller ikkje-prinsipiell karakter, skal det leggast til grunn at denne saka er av prinsipiell tyding.

Dersom rådmannen er i tvil om ei sak er av prinsipiell tyding, skal rådmannen rådføra seg og diskutera saka med ordførarar. Ordførar har myndigkeit i tolkingsspørsmål (sjå eige punkt om dette i dette reglementet under overskrifta: Ordførarar). I dei tilfella rådmann og ordførar er i tvil, vert saka handsama politisk.

2.0. Organisering

2.1. Organisering etter formannskapsmodellen

Kvam herad er organisert etter formannskapsmodellen. Medlemmene i formannskapet er direkte valte representantar med fast plass i heradsstyret.

Politisk organisering i ulike organ vert vedteke av Kvam heradsstyre. Kvart organ skal ha eit eige reglement som mellom anna gjer greie for mandat, saksområde, og samansetjing. Endring av politisk organisering kan berre gjennomførast av Kvam heradsstyre sjølv.

For valperioden 2023-2027 har Kvam herad følgjande folkevalde organ/ andre kommunale organ:

- Kvam heradsstyre (HST)
- Kvam formannskap (FSK)
- Kvam miljø-, plan- og bygningsutval (MPB)
- Kvam kontrollutval (KTRO)
- Kvam valstyre (VAL)
- Kvam valnemnd (Valutval, VALN)
- Kvam administrasjonsutval
- Kvam klagenemnd (KLAG)
- Kvam ungdomsråd (URÅD)
- Kvam eldreråd (KER)
- Rådet for menneske med funksjonsnedsetting (RMF)
- Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt
- Sakkunnig ankenemnd for eigedomsskatt

2.2. Kvam heradsstyre- oversikt over myndigkeit

Kvam heradsstyre er det øvste organet i heradet (jf. Koml. § 5-3, 1. ledd) og avgjer saker som i lov er lagt til heradsstyret sjølv å ta avgjersle i, og i saker der organet ikkje har delegert vidare vedtaksmyndigheita si til andre utval, ordførar eller rådmann.

Døme på saker som Kvam heradsstyre sjølv tar avgjersle i:

- delegera myndigkeit til andre folkevalde organ, ordførar, eller rådmann innanfor rammene til kommunelova eller andre lover jf. Koml. § 5-3, 3. ledd.
- Har det øvste ansvaret for å ha kontroll med Kvam herad si verksemd (jamfør kommunelova § 22-1, 1. ledd).
- Har myndigkeit til å krevja at ei kvar sak skal leggast fram til orientering eller avgjerd jf. Koml. § 22-1, 2. ledd.
- Har høve til å gjera om på eit vedtak som er gjort av anna folkevald organ eller av administrasjonen, dersom desse sjølv kunne ha gjort om på vedtaket jf. Koml. § 22-1, 3. ledd.
- Heradsstyret vel eit kontrollutval, som skal ha jamleg tilsyn med Kvam herad si verksemd på heradsstyret sine vegner jf. Koml. § 23-1, 1. ledd.
- økonomiplan, årsbudsjett, langtidsplanar, utbyggingsoppgåver, kommuneplan og andre planar og tiltak av overordna tyding

- tilsetting /oppseiing av rådmann
- oppretting og nedlegging av utval
- fastsetting av gebyrregulativ for kommunal verksemd
- vedta/endra/oppheva lokale forskrifter, når ikkje anna er særskilt bestemt

2.3. Politiske utval/organ i Kvam herad. Oversikt

Organ:	Lovpålagde oppgåver, generelt ansvarsområde, uttalerett, tilrådingsrett, og vedtaksrett:
Ordførar	<p>Jf. Kommunelova § 6-1</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er heradet sin rettslege representant • Skriv under på Kvam herad sine vegner dersom ikkje dette er delegert til andre/ tildelt andre • Er møteleiar for heradsstyret og formannskapet • Er utvalsleiar for valstyret • Ordførar og fungerande ordførar (varaordførar) har myndighet til å gjera hastevedtak i samsvar med kommunelova § 6-1, 4. ledd, punkt b i dei høva det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn formannskapet til møte. • I det tidsrommet av sommaren der formannskapet ikkje har møte, har ordførar og fungerande ordførar myndighet til å treffen vedtak i saker som ikkje har prinsipiell tyding jf. Koml. § 6-1, 4. ledd a) og saker av prinsipiell tyding som hastar i tråd med koml. § 11-8,1. ledd. jf. Koml. § 6-1, 4. ledd b) • Ordførar har myndighet til å avgjera tolkingsspørsmål knytt til sakshandsamings- og delegeringsreglementet. • Domstollova § 191 - rett til å ta i mot forkynning • Tvisteloven § 2-5 – heradet sin stadfortredar i rettstvistar • Ekteskapslova § 12 – vigslingsrett på vegne av heradet • Kommunelova § 11-8 første avsnitt (sjå punktet om hastefullmakt!) • Tinglysingslova § 13 – rett til å underskriva dokument som skal tinglysast på heradet sine vegne
Kvam kontrollutval	<p>Jamfør kommunelova § 23-2, 1. ledd</p> <p>Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • forvaltninga av heradet sine verdiar er forsvarleg sikra ved god internkontroll, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjera tiltak. • heradet sitt rekneskap vert revidert på ein forsvarleg måte • det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande reglar og vedtak. • det vert ført forvaltningsrevisjon av heradet si verksemd, og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

	<ul style="list-style-type: none"> • det vert ført kontroll med forvaltninga av heradet sine eigarinteresser i selskap m.m. (eigarskapskontroll). • vedtak som heradsstyret gjer ved handsaminga av revisjonsrapportar, vert følgd opp. <p>Kontrollutvalet gjev tilråding til heradsstyret i saker som organet sender til heradsstyret.</p>
Kvam heradsstyre	<ul style="list-style-type: none"> • Er det øvste organet i heradet jf. Koml. § 5-3, 1. ledd. • Gjer vedtak på vegne av heradet jf. Koml. § 5-3, 2. ledd dersom ikkje noko anna følgjer av lov • Har mynde til å delegera myndigkeit til andre folkevalde organ, ordførar, eller rådmann innanfor rammene til kommunelova eller andre lover jf. Koml. § 5-3, 3. ledd. • Har det øvste ansvaret for å ha kontroll med Kvam herad si verksemd (jamfør kommunelova § 22-1, 1. ledd). • Har myndigkeit til å krevja at ei kvar sak skal leggast fram til orientering eller avgjerd jf. Koml. § 22-1, 2. ledd • Har høve til å gjera om på eit vedtak som er gjort av anna folkevald organ eller av administrasjonen, dersom desse sjølv kunne ha gjort om på vedtaket jf. Koml. § 22-1, 3. ledd. • Heradsstyret vel eit kontrollutval, som skal ha jamleg tilsyn med Kvam herad si verksemd på heradsstyret sine vegner jf. Koml. § 23-1, 1. ledd.
Kvam formannskap	<ul style="list-style-type: none"> • er Kvam herad sitt «eigarorgan» og økonomiutval. • Skal vera eit strategiutval for næringsutvikling, samfunn, miljø, kultur og tenesteproduksjon. • Skal leia og samordna arbeidet med økonomiplanen og leggja fram forslag til økonomiplan, årsbudsjett (jamfør kommunelova §§ 5-6, 5. ledd og 14-3, 3. ledd). • Skal gje innstilling i saker om skatt (jamfør kommunelova § 5-6, 5. ledd). • Under føresetnad av at arbeidet ikkje er delegert vidare til rådmannen, skal formannskapet handsama og gjera vedtak eller gje innstilling til heradsstyret i saker som gjeld: <ul style="list-style-type: none"> - Heilskapsplanlegging, arealsaker etter plan- og bygningslova, jordlova og andre relaterte lover. 2. Politiske leiings- og samordningsoppgåver, inklusivt samarbeid med andre kommunar. - Heilskapsplanlegging for samferdsle. Kvam formannskap skal følgja opp og vera Kvam herad sin pådrivar og talerøyr i samferdslesaker på regionalt nivå. - Heilskapsplanlegging for kultur. - Heilskapsplanlegging innan miljø. - Heilskapsplanlegging innanfor næringsutvikling. Næringssaker knytt til bruk av kraftfondet (jf. eige reglement for Kvam kraftfond). - Heilskapsplanlegging innanfor kommunal tenesteproduksjon. Kvam formannskap skal kunna ta opp saker som gjeld kvalitet, omfang, service, bestilla

	<p>brukarundersøkingar og serviceerklæringer, samt sjå på utvikling av tenestetilbodet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Andre prinsipielle saker som ikkje er lagt til andre utval - Andre saker etter tilvising frå ordføraren. • Har myndighet til å oppretta arbeidsutval som er samansett av representantar frå formannskapet jf. Koml. § 5-6, 3. ledd og har myndigkeit til å leggja ned eller omorganisera slike utval kva tid som helst jf. Koml. § 5-6, 3. ledd. • Har myndighet til å gi arbeidsutval myndigkeit til å gjera vedtak i ikkje prinsipielle saker, dersom ikkje heradsstyret har bestemt noko anna jf. Koml. § 5-6, 4. ledd. • Formannskapet har mynde til å treffa vedtak i saker som ordinært skulle ha vore avgjort av heradsstyret, i dei høva det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn heradsstyret (jamfør kommunelova 11-8, 1. ledd). • Innstillingsrett • Formannskapet gjev tilråding i saker som skal handsamast av heradsstyret, med unntak av saker frå kontrollutvalet og i nokre tilfelle Kvam miljø-, plan- og bygningsutval.
Kvam miljø-, plan- og bygningsutval	<ul style="list-style-type: none"> • Kvam miljø-, plan- og bygningsutval skal handsame arealsaker etter plan- og bygningslova, jordlova, og andre relaterte lover. • Utvalet har ansvaret for å handsama reguleringsplanar for Kvam herad. • Miljø-, plan- og bygningsutvalet skal vidare handsama saker knytt til miljø og forureining (Til dømes forureiningssaker etter forureiningslova), følgje opp klima- og miljøplanar for Kvam herad, saker knytt til landbruksforvaltning og viltforvaltning, landskapsvern, og kommunaltekniske anlegg (til dømes reinseanlegget på Notanes). • Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen. • Utvalet rapporterer direkte til heradsstyret, men saker med stor strategisk/ og eller økonomisk konsekvens som til dømes større reguleringsplanar både offentlege og private, går via Kvam formannskap (Kvam herad sitt strategi- og økonomiutval) som gjer vedtak i saka eller kjem med tilråding til heradsstyre. I desse sakene skal miljø-, plan- og bygningsutvalet ha høve til å gje uttale før formannskapet handsamar saka.
Kvam klagenemnd	<ul style="list-style-type: none"> • Den særskilde klagenemnda i Kvam herad er oppnemnd av heradsstyret i samsvar med forvaltningslova § 28, 2. ledd. • Klagenemnda har på heradsstyret sine vegner mandat til å avgjera klagesaker vedkomande enkeltvedtak (jamfør forvaltningslova § 2 b)) som ikkje er gjort etter særlov, eller der det er fastsett i særlov at heradsstyret er klageinstans.
Kvam valstype	Etter vallova § 4-1 skal det i kvar kommune vera eit valstype. Valstyret har ansvaret for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå (dvs. stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval).

	<p>Valstyret sitt arbeidsområde følgjer av vallova med forskrifter.</p> <p>Kvam valstyre har fått ein del myndigkeit direkte frå Vallova. Dvs. her er det ikkje vidare delegering frå heradsstyret. Me kallar denne måten å plassera myndigkeit for <i>Direktedelegering</i>.</p> <p>Valstyret får delegert all myndigkeit innanfor sitt arbeidsområde, og det gjer naudsynte vedtak i medhald av vallova, til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> • oppnemning av røystestyre • vedtak om inndeling i røystekretsar
Kvam valnemnd	<ul style="list-style-type: none"> • Hovudarbeidet til valnemnda er å førebu nyval av mellom anna nemnder, styrer, råd og utval m.m., som ikkje vert valt på konstituerande møte. • Valnemnda har også ansvar for å førebu eventuelle nyval og suppleringsval gjennom heile valperioden. • Valnemnda gjev tilråding til heradsstyret i saker som omhandlar val.
Kvam ungdomsråd	<ul style="list-style-type: none"> • Kvam ungdomsråd er eit rådgjevande organ i tråd med kommunelova § 5-12, 4. ledd. • Ungdomsrådet skal arbeida for å skapa best mogleg ungdomsmiljø i Kvam herad, og skal ha høve til å uttale seg i saker som gjeld ungdom før desse vert politisk handsama og vedtekne. • Ungdomsrådet kan på eige initiativ ta opp saker og fremja forslag/ gje uttale for politiske organ i Kvam herad i saker som vedkjem born og unge. • Ungdomsrådet kan arbeida med konkrete aktivitetar og prosjekt knytt til born og unge.
Rådet for menneske med funksjonsnedsetting	<ul style="list-style-type: none"> • RMF er eit rådgjevande organ for dei kommunalpolitiske organ i Kvam herad jf. Koml. § 5-12 og skal handsama alle saker som er særs viktige for personar med funksjonsnedsetting og ha høve til å gje uttale i desse sakene. • Rådet skal arbeida i samsvar med <i>Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom</i>. Døme på saker som rådet skal handsama: tilgjenge, arbeid mot diskriminering på grunnlag av funksjonsnedsetting, tenester for menneske med funksjonsnedsetting, årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, bustadprogram, samferdselssaker, kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre kommunale tiltak som vedkjem menneske med funksjonsnedsetting. • Rådet kan ta opp saker på eige initiativ som fell under RMF sitt ansvarsområde. RMF skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.

Kvam eldreråd	<ul style="list-style-type: none"> • KER er eit rådgjevande organ for dei kommunalpolitiske organa i Kvam herad jf. Koml. § 5-12 og skal handsama alle saker som gjeld levekåra for eldre og elles saker som er særsviktige for dei eldre i Kvam og ha høve til å gje uttale i desse sakene. Døme på saker som rådet skal handsama: tenester for eldre, årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, bustadprogram, samferdselssaker, kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre kommunale tiltak som vedkjem eldre i Kvam herad. • Vidare skal rådet arbeida i samsvar med Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom. Rådet kan ta opp saker på eige initiativ som fall inn under KER sitt ansvarsområde. • KER skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.
Kvam administrasjonsutval	<ul style="list-style-type: none"> • Administrasjonsutvalet skal handsama saker med heimel i kommunelova § 5-11 og hovudavtalen for KS- området Del B § 4. • Drøftingar om overordna personalutviklingstrendar/visjonar vil også vera naturlege å drøfta i administrasjonsutvalet. • Administrasjonsutvalet skal ha uttalerett i større organisasjonsgjennomgangar i Kvam herad.
Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt Jf. Eigedomsskattelova § 8A-3 (4)	<ul style="list-style-type: none"> • Skal verdsetta eigedomar i Kvam herad • Taksten skal settast på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn.
Sakkunnig ankenemnd for eigedomsskatt (jf. Eigedomsskattelova § 20)	Skal handsama klage

3.0. Ordførar

Ordførar er den øvste folkevalde tillitspersonen i Kvam herad. Vervet er eit fulltidsverv dvs. ordførar kan ikkje vera i anna arbeid den tid vedkomande fungerer i vervet. Ordførar vert valt av heradsstyret og har vervet i heile valperioden (4 år) fram til neste kommunestyreval.

3.1. Hastefullmakt

- Formannskapet har mynde til å treffa vedtak i saker som ordinært skulle ha vore avgjort av heradsstyret, i dei høva det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn heradsstyret (jamfør kommunelova 11-8, 1. ledd).
- Ordførar kan bestemma at ei sak skal handsamast skriftleg eller i hastefjernmøte dersom det er avgjerande å få ei sak avgjort før neste møte, og det enten ikkje er tid til å halda eit ekstraordinært møte, eller saka ikkje er så viktig at eit ekstraordinært møte vert sett på som naudsynt (jamfør kommunelova § 11-8, 2. ledd).
- Dersom ordførar bestemmer seg for å handsama ei sak skriftleg eller i hastefjernmøte, skal dette skje tråd med prosedyrereglane i kommunelova § 11-8, 3. og 4. ledd.
- Ordførar og fungerande ordførar (varaordførar) har myndighet til å gjera hastevedtak i samsvar med kommunelova § 6-1, 4. ledd, punkt b i dei høva det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn formannskapet til møte. Ordførar skal rapportera til heradsstyre om korleis denne delegerte myndigheita er brukt.

3.2. Vedtaksmyndigkeit i saker som er delegert til rådmannen

Ordførar får myndigkeit (i tråd med koml. § 6-1, 4. ledd, a)) til å treffe vedtak i saker som er delegert til rådmannen i dei tilfella der rådmannen sjølv og dermed heile administrasjonen er inhabile. Ordførar kan avgjera om saka i staden skal handsamast politisk.

3.3. Vedtaksmyndigkeit i sommarferien

I det tidsrommet av sommaren der formannskapet ikkje har møte, har ordførar/ fungerande ordførar (varaordførar) myndigkeit til å treffe vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell tyding jf. Koml. § 6-1, 4. ledd a) og i saker av prinsipiell tyding som hastar (hastesaker) i tråd med koml. § 11-8, 1. ledd., jf. Koml. § 6-1 b). Melding om slike vedtak vert orientert om i første møte etter sommarferien i det organet som skulle ha avgjort saka.

3.4. Uttale til høyringar

Ordførar får myndigkeit til å gje uttale til høyringar der det ikkje er tid til politisk handsaming pga. tidsfristar. Myndigheita vert avgrensa til saker som er av politisk viktig karakter. Rådmann får myndigkeit til å uttala seg i ikkje prinsipielle saker som er knytt til regelverk eller kjem inn under ulike fagavdelingar sitt ansvarsområde. Dersom saka er prinsipiell, er det ordførar som må ta stilling til uttalen etter framlegg frå rådmann.

3.5. Myndigkeit til å ta opp eigne saker

Ordførar kan fremja eigne saker ved behov. Det vil sei at ordførar kan be rådmannen om hjelp til å greia ut ei sak og legga den fram for politisk handsaming.

3.6. Myndigkeit i tolkingsspørsmål

Ordførar har myndigkeit til å avgjera tolkingsspørsmål knytt til sakshandsamings- og delegeringsreglementet. Det vil sei kva ein skal rekna for å vera ei prinsipiell sak og saker «av stor tyding»

innafor dei rammene som heradsstyret fastset gjennom delegeringsreglementet og andre vedtak. Ordførar har vidare myndighet til å avgjera kva organ som skal handsama ei sak dersom den kjem innom fleire politiske organ sitt ansvarsområde (det er her først og fremst snakk om ei sak skal til formannskapet eller miljø-, plan- og bygningsutvalet før den går vidare til heradsstyret eller det evt. blir gjort vedtak i saka).

3.7. Ordførar er gitt særskilt myndighet innanfor følgjande lover

Domstollova § 191 - rett til å ta i mot forkynning

Tvisteloven § 2-5 – heradet sin stadfortredar i rettstvistar

Ekteskapslova § 12 – vigslingsrett på vegne av heradet

Kommunelova § 11-8 første avsnitt (sjå punktet om hastefullmakt!)

Tinglysingslova § 13 – rett til å underskriva dokument som skal tinglysast på heradet sine vegne

Oppdatert detaljoversikt over lovheimlar og særlover der ordførar har vedtaksmyndigkeit skal gå fram av delegeringsreglementet (KF delegering) til Kvam herad.

3.8. Andre mynde

I tråd med gjeldande eigedomsstrategi har ordførar fullmakt til å godkjenna strategiske kjøp av tomteareal.

4.0. Rådmann

Rådmannen skal syta for at administrasjonen vert styrt i samsvar med lover, forskrifter, instruks og retningslinjer for bruk av fullmakt, og at den er gjenstand for kontroll.

4.1. Generell myndigkeit

Rådmannen vert gitt generell myndigkeit til å treffa vedtak i alle saker som ikkje er av prinsipiell tyding (jf. Prinsippet om maksimal delegering til rådmann), så lenge heradsstyret ikkje har bestemt noko anna jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd. Delegeringsreglementet inneholder ein oppdatert oversikt over kva vedtaksmyndigkeit som er delegert vidare til rådmannen.

4.2. Uttale til høyringar

Rådmann får myndigkeit med heimel i kommunelova § 13-1, 6. ledd, til å gje uttale til høyringar på vegne av Kvam herad i dei tilfella høyringsfrist er knapp eller ein ikkje rekks handsaming i formannskapet eller heradsstyret. Myndigkeit vert avgrensa til å gjelda ikkje prinsipielle saker som er knytt til regelverk eller kjem inn under ulike fagavdelingar sitt ansvarsområde. Dersom saka er prinsipiell, er det ordførar som må ta stilling til uttalen etter framlegg frå rådmann før den vert sendt vidare.

4.3. Innstillingsrett

Rådmannen innstiller i saker som vert lagt fram for formannskapet og utval.

4.4. Rett til å forvalta heradet sin økonomi

Rådmannen forvaltar og disponerer heradet sin økonomi innanfor dei rammene som følgjer av reglement for finans- og gjeldsforvaltning, økonomireglementet og dei handlings- og økonomiplanane som til ei kvar tid gjeld. Endringar i vedteke budsjett kan berre gjerast gjennom vedtak gjort av heradsstyret sjølv, med dei unntak heradsstyret sjølv har vedteke.

- Rådmannen har fullmakt til å fordela lønspott og fellesutgifter på tenesteområda, og justera budsjettet som følge av tekniske endringar som t.d. endingar i KOSTRA-oppsætt eller kommunale rekneskapsstandardar.
- Rådmannen tilviser på vegne av Kvam herad og har tilvisingsmyndigkeit og myndigkeit til å ta seg av saker om innkjøp innanfor Kvam herad sine budsjett og finansreglement.
- Fullmakter i tråd med gjeldande reglement for finans- og gjeldsforvaltning. Dei økonomiske rammene vert sett i årlege budsjett og ev. justert i tertialar:
 - Rådmannen har fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad.
 - Rådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærmere lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar.
 - Rådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.
 - Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om lån til vidare utlån (Startlån).
- Rådmannen har fullmakt til å selja heimfallskraft og konsesjonskraft i spotmarknaden, og til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden, i tråd med gjeldande strategi for sal av kraft.

4.5. Beredskap

Rådmannen har ansvaret for handtering av eventuelle krisehendingar når dei oppstår.

Rådmannen har fullmakt til å bruka opp til 2 mill. kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar. Ut over dette må økonomisk løyving til handtering av krisesituasjonar gjevast av Kvam formannskap som ei hastesak.

4.6. Bevillingssaker

Rådmannen sin myndigkeit i bevillingssaker følgjer av Kvam herad sin alkoholpolitiske handlingsplan.

4.7. Løpende personalansvar

Rådmannen har det løpende personalansvaret for den enkelte, inkludert tilsetjing, oppseiling, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar, viss anna ikkje er fast sett i lov (Kommunelova § 13-1, 7. avsnitt).

Innanfor vedtekne budsjettrammer kan rådmannen ta alle avgjersler som gjeld administrativ organisering, drift og utvikling av heradet, og oppretta, inndrag og gjera om på stillingar.

Rådmannen leiar og tek i vare Kvam herad sine oppgåver som arbeidsgjevar innanfor rammene som føl av kommunelova, arbeidsmiljølova, hovudavtalar, hovudtariffavtalar, sentralt og lokalt inngåtte særavtalar og eventuelle lokale reglement.

Rådmannen er fast representert i Arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Rådmannen fastset løn innanfor tariffavtalen sine føresegner og gjennomfører lønsforhandlingar etter hovudtariffavtalen.

Rådmannen får vidare delegert myndigkeit til å tildela og seja opp avtaleheimlar for legar og fysioterapeutar.

4.8. Eigedomsforvaltning

Rådmannen har fullmakt til å forvalta Kvam herad sine eigedomar innanfor vedtekne budsjettrammer (drift, vedlikehald og utvikling) innanfor vedtekne budsjettrammer og eigedomsstrategi. Vidare har rådmannen fullmakt til å handtera alle saker om innleige og uteleige av eigedom og avgjera saker om heftingar og servituttar.

Rådmannen har fullmakt til å selja, kjøpa og gjennomføra makeskifte som gjeld eigedom i tråd med eigedomsstrategi og fullmakter gitt av Kvam heradsstyre i form av budsjettvedtak, fullmakter gitt i ordinære vedtak, i tråd med økonomireglementet og dei handlings- og økonomiplanane som til ei kvar tid gjeld. Rådmannen har også ansvar for å følgja opp vedtekne byggeprosjekt.

Rådmannen har rett til å skriva under på skøyter t.d. ved sal og makebytte av eigedom m.m. på vegne av Kvam herad jf. Tinglysingslova § 13.

4.9. Vedtak etter plan- og bygningslova og jordlova

Rådmannen har fullmakt til å fatta vedtak i alle byggesaker og dispensasjoner etter plan- og bygningslova og jordlova som ikkje er av prinsipiell tyding. Vidare kan rådmannen handsama klagesaker som «første instans»¹ etter plan- og bygningslova som ikkje er av prinsipiell tyding. Rådmannen kan vurdera å legga klagen fram til politisk handsaming i «andre instans» i dei saker som er delegert til rådmannen. Rådmannen kan vedta endringar av reguleringsplanar når endringane i liten grad vil påverka gjennomføringa av planen elles og heller ikkje går ut over hovudrammene for planen.

4.10. Andre oppgåver som er lagt til rådmannen

I dei høva det er naudsynt, kan rådmannen melda saker til politiet og be om å påtale på vegne av Kvam herad.

Rådmannen får myndighet til å skriva under som Kvam herad sin rettslege representant jf. Koml. § 6-1 dersom ordførar/fungerande ordførar er fråverande.

Rådmannen får særskilt myndighet innanfor ei rekke andre lover som ikkje er nemnt under dette punktet. Kva lover dette gjeld går fram av registreringa i KF Delegering.

4.11. Vidare delegering

Rådmannen avgjer sjølv om og i kva utstrekning den delegerte myndigheita skal vidaredelegerast internt i administrasjonen med mindre anna er sagt i høve det enkelte delegeringsvedtak.

5.0. Direkte delegering ved lov

I nokre lover er det ei direktedelegering rett til eit utval eller ein funksjon i rådmannen sin administrasjon. Døme på dette finn me i Smittevernlova § 7-2. Her er det gitt ei direktedelegering til kommuneoverlegen (smittevernlegen) å utføra dei oppgåvene, og ta dei avgjerslene om smittevern som er pålagt kommuneoverlegen (smittevernlegen) etter smittevernlova.

6.0. Delegering av myndighet etter særlover

6.1. Generelt om lovheimlar som gjev Kvam herad plikter og rettar i følgje særlover

I tillegg til lovheimlar som gjev kommunen myndighet til å treffa vedtak, inneheld særlovene ei rekke lovheimlar som pålegg kommunen eit særskilt ansvar for ei oppgåve eller teneste. Hovudprinsippet for slike pliktføresegner etter særlov er at alt ansvar for å ta i vare lovpålagde kommunale oppgåver er delegert til rådmannen, så sant ikkje anna følgjer av lov eller vedtak. Rådmannen skal syte for å gjennomføre dei

¹ «Første instans» er meint det organet som først har handsama sak og deretter evt. får klage på vedtak. Dette organet handsamar klagen.

lovpålagde pliktene innanfor dei rammene og retningslinene som heradsstyret har bestemt. Særlovene inneholder også lovheimlar som gjev kommunen særskilde rettar i høve andre. Rådmannen blir gitt myndighet til å ta i vare kommunen sine interesser i alle slike saker, så langt ikkje anna følgjer av lov eller vedtak. Dersom saka er av prinsipiell karakter, skal før nemnde saksgang følgjast.

6.2. Rådmannen si delegeringsplikt etter særlov

I ei rekke særlover er rådmannen pålagt å vidaredelegere myndighet til underliggende fullmaktsnivå.

Døme på slike særlover er:

- Barnevernslova. Kvam herad er pålagt å ha ein administrasjon og leiar som har ansvar for oppgåvene som er lagt til Kvam herad etter barnevernslova.
- Helse- og omsorgstenestelova § 5-5. Kvam herad er pålagt å ha ein kommunelege (kommuneoverlege) som skal vera medisinsk faglegrådgjevar.

7.0. Klage og overprøving av sak

7.1. Klage på enkeltvedtak

Forvaltningslova (fvl.) kap. VI regulerer retten til å klage og korleis handsaming av klagen skal gå føre seg, så langt ikkje anna er bestemt i den særlova som heimlar vedtaket.

Etter fvl. § 28, 2. ledd, er det berre enkeltvedtak jf. fvl. 2 a og b det er klagerett på. Rådmannen må i kvart enkelte høve vurdera om det er snakk om eit enkeltvedtak med klagerett før det i meldinga om vedtak blir informert om klagerett. I dei tilfella rådmannen fattar ei avgjersle som følgjer av ei forskrift heimla i lov eller eit reglement heimla i lov eller forskrift, vil det ikkje vera klagerett på dette vedtaket pga. ei eventuell klage vil då retta seg mot forskrifta og ikkje mot kommunen si praktisering av denne. Vedtak i ei slik sak blir ikkje rekna som eit enkeltvedtak. Klagesaker skal til vanleg handsamast i første instansen (etter delegert myndighet) før dei vert handsama i klageorganet. Ein søker kan be om dispensasjon frå forskrifta i søknaden sin. Eit vedtak om å gje eller ikkje gje dispensasjon blir rekna som eit enkeltvedtak, og det vil difor vera høve til å klag på vedtaket. Klagesaker skal til vanleg handsamast i underorganet (etter delegert myndighet) før det blir handsama av klageorganet.

7.2. Vedtak gjort av rådmannen (administrasjonen etter delegering frå rådmannen)

Rådmannen sine vedtak gjort etter dette reglementet, kan klagast på til det overordna organet som i samsvar med lov, reglement m.m. eller andre statlege- eller kommunale retningsliner, er saksansvarleg (klageinstans).

Klage på vedtak som er gjort av rådmannen skal normalt ha oppsettande verknad. Rådmannen kan likevel, dersom særlege grunnar talar for det, eller at det pga. tidsomsyn er turvande å gjera vedtak straks/ fråvika kravet om oppsettande verknad. Slike vedtak skal grunngjenvæst særskilt.

Omgrepet «handsamingsorgan ved klage» er knytt til det politiske organ (både som underinstans og når rådmannen/ adm. har gjort vedtak etter delegert mynde) som skal handsama klagesaka for eventuell oversending til overordna klageorgan, samt i dei spesielle høva der rådmannen (administrasjonen) har fått fullmakt til å oversenda klage.

7.3. Klage over enkeltvedtak som er gjort av heradsstyret

Klage over enkeltvedtak som er gjort av heradsstyret vert avgjort av Statsforvaltaren, eller anna statleg forvaltningsorgan der det er bestemt i lov.

7.4. Klagenemnda

Den særskilde klagenemnda har delegert myndighet frå heradsstyret til å avgjera klagesaker vedkomande enkeltvedtak som ikkje er gjort etter særlov eller der det er fastsett i særlov at HST er klageinstans.

7.5. Overprøving av sak

Delegert avgjerslemyndighet vert avgrensa ved at representantar (og varamedlemmer som var med på å handsama saka) kan krevja at eit vedtak som er delegert og endeleg, skal kunna overprøvast av overordna organ (heradsstyre) både med omsyn til den skjønnsmessige avgjerda og om vedtaket er i samsvar med lov, føresegner og reglementet. Krav må setjast fram i same møte. Organet kan, dersom særlege sterke grunnar og tidsomsyn krev det, med vanleg fleirtal vedta at krav om overprøving etter dette punkt, ikkje skal ha oppsettande verknad.